

Kyrkjebladet

for Bremanger 1. juni 2024
Årg. 100

God Sommar!



DEI EVANGELISKE KJERNEVERDIANE MÅ FÅ GODT ROM

2024 er året der vi skal feire og markere jubileum for hendingar som framleis i dag dannar fundament for vern og rettar om einskildmenneske og fellesskap i vårt samfunn:

1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster, og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov. Kristenretten vedteke på Moster innebar reglar om kristen livsførsel, om fredelig konfliktløysing, om samfunnsstyring, og om organisering av kyrkja.

Det var kongens biskop, biskop Grimkjell som utforma kristenretten, men det var kong Olav Haraldson som sikra at den vart vedteke. Resultatet vart ei varig endring av normgrunnlaget for den framveksande norske staten.

Med kristenretten kom ideen om at det finst noko som er rett, uavhengig av makttilhøva i samfunnet. Det gjorde at svake grupper i samfunnet som i utgangspunktet ikkje hadde makt til å påverke lovene, kunne få rettar og vern likevel. Dette er ein tankegang som vi i dag finn som grunnlaget for Dei europeiske menneskerettane.

Eit jubileum for å markere innføringa av kristenretten må både ha ei historisk forankring og ein samtidig relevans. Den norske kyrkja må også finne sin veg inn i jubileet, og stake ut ei retning for kva ein vil vektlegge og fremme av tankegods og verdiar i samband med markeringane.

Aktualiteten i kristenretten syner seg mellom anna i vissa om at kvart menneske er skapt i Guds bilete. Ut frå denne tanken vaks det fram ei plikt til å syne omsorg for den svakaste mellom oss, men òg ein ide om individet, dets rettar og verd. Slik vart det for tusen år sidan mogleg å bli eit individ med rettar og plikt uavhengig av kjønn, av kva for ætt ein kom frå, eller kva ein hadde med seg av status og midlar. Ein ser i Kristenretten på Moster kimen til vår individforståing i dag.

Omsorgsplikten for svake samfunnsgrupper er ein grunnleggjande tanke i vår velferdsstat, men også fundert i kyrkja sitt diakonale oppdrag. Dei evangeliske kjerneverdiane må slik få godt rom i jubileumsmarkeringane.

Lat oss bruke jubileumsåret til å setje på dagsorden korleis vi kan vitne om trua på den miskunnsame og rettferdige Kongen som vår kyrkje vedkjennar seg til, og verne om menneskets rettar og verd!

Biskop Ragnhild Jepsen

VERDIÅRET 2024

I 2024 feirar og markerer vi to hendingar som i høg grad har vore med på å endra landet vårt: 1000-årsjubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. I Bjørgvin bispedøme har dette

året fått namnet «Verdiåret 2024», året der vi markerer at dei kristne verdiane har vore med på å gjere landet vårt til eit godt land å leve i.

Verdiseglas med verdisamtalar

KALVÅG MÅNDAG 8.juli

1000-årsfeiring for Seljumannamesse

5.-8. juli vert det arrangert jubileumsseglas med veteranbåten m/s Atløy mellom Florø, Selje, Måløy, Kalvåg og Kinn. M/s Atløy går frå Florø laurdag 6. juli kl. 08.30 og er i Selje ca. 14.00. Det er høve til å bestille plass med m/s Atløy frå Leirgulen (*sjå under*). I Selje er det program utover ettermiddag og kveld, m.a. konsert i Selje kyrkje kl. 18.00. Søndag 7. juli er det gudsteneste på Selja kl. 12.00 v/biskop Ragnhild Jepsen. Søndag ettermiddag går m/s Atløy frå Selje til Måløy, der den er framme ca. kl. 17.00 med program frå kl. 17.30-21.00.

Måndag 8. juli går m/s Atløy frå Måløy til Kalvåg, der den skal vere framme ca. kl. 11.30.

I Kalvåg vert det foredrag og konsert på Galleri Torsheim:

11.30-11.50: Kirsten Grotle fortel om Grotle gamle gravplass.

11.50-12.15: Minikonsert ved Hilde Hauge, Monica Liseth Hauge, Jarle Grotle, Norvall Klungresæter, Raimund Hocklas og Laila Beathe Førde.

12.15-12.45: Historisk føredrag ved professor Alf Tore Hommedal om Seljumannamesse og Sta. Sunniva.

13.00-14.00: Lunsj/middag på Knutholmen. Kalvåg kystlag vil og selje tørkasild.

14.00: Avreise med m/s Atløy frå Kalvåg.

Frå Kalvåg er det høve til å bestille plass med m/s Atløy til Kinn (*sjå under*).

På Kinn vert det gudsteneste m/ biskopen kl.17.30-18.30 og historisk foredrag v/professor Alf Tore Hommedal. Planen er at dei som skal nordover igjen, f.eks. til Smørhamn eller Måløy, skal rekke ekspresen i Florø kl. 19.55. Det vert difor sett opp skyssbåt frå Kinn til Florø som skal rekke denne.

Dei som ønskjer å bestille plass med m/s Atløy frå Leirgulen til Selje, laurdag 06.07., eller frå Kalvåg til Kinn, måndag 08.07., kan ta kontakt med Knut Arne Vadøy på tlf 95229770 el. på e-post til knutavad@gmail.com.

Du kan lese meir om feiringa på www.seljakloster.com

BISPEVISITAS I BREMANGER

BISKOP RAGNHILD JEPSEN KJEM PÅ VISITAS TIL BREMANGER I OKTOBER. SIST DET SKJEDDE VAR I 2010.

Ved ein visitas er det viktig for biskopen å møte tilsette og sokneråda, kommunen og kyrkjelydane, og bli kjent med utviklinga i Bremanger. Målet med bispevisitasen er å støtte og inspirera kyrkjelydar og tilsette, og gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet.

Velkomen til gudstenester med biskopen:

Svelgen kapell - onsdag 23.oktober kl.1930. Kveldsgudsteneste med konfirmantar og kyrkjelyd.

Davik kyrkje – torsdag 24.oktober kl.1800. Kyrjekaffe på bedehuset.

Frøya kyrkje – fredag 25.oktober kl.1830. Song og musikkveld, med ulike aktørar. Barnekoret, Bella Solla og Per koret.

Bremanger kyrkje 27.oktober kl.1100. Visitasgudsteneste. Kyrjekaffe og visitasforedrag på Hauge bedehus.

SOKNERÅDSSTRUKTUR OG GUDSTENESTEFORDELING

Ved bispevisitasen i oktober skal ordningar i kyrkja opp til vurdering. Folketalet i kommunen og deltakartalet ved gudstenester går ned. Kommunikasjonsmønster har endra seg mykje. Prioriteringar og ressursbruk i kyrkja må opp til revisjon. Sokneråd og stab ynskjer hjelp til å diskutere dette.

Nokre av spørsmåla ein ynskjer å ta opp :

Treng vi å redusere tal medlemmer i sokneråda? Kor mykje?

Reduserer vi tal sokneråd i kommunen, og/eller kan sokneråda ha fellesmøte?

Kor mange gudstenester skal det vere i kvar kyrkje? Vår gudstenestefordeling er: Frøya, Hauge, Davik og Svelgen har 18 gudstenester. Berle, Rugsund, Ålfoten og Midtgulen har 10 gudstenester. Bør nokre kyrkjer prioriterast framfor andre?

Ynskjer vi å ha oftare fellesgudstenester?

Stein Oltedal

SELJUMANNAMESSE

Søndag 7.juli kl.12.00 Selje kloster

Jubileum -1000 år sidan første Seljumannamesse.

TRE SOKNERÅDSLEIARAR FØR BISPEVISITASEN

ELDBJØRG ASKE MYKLEBUST, SOKNERÅDSLEIAR I ÅLFOTEN SOKN:

For mange år sidan skreiv Marta Myklebust ein song som heiter "Ålfotsongen," og Matias Austrheim sette melodi til. Denne songen har vore mykje brukt i skule, barnehage, ved 17. mai, åremålsdagar o.l. Eit av versa lyder slik:

*Som samlingsmerkje står kyrkja her,
ho både lita og einfeltd er.
men her har ættledd gått ut og inn,
og her vi band til vår fortid finn.*

Vi tenkjer at dette verset seier ein del om kyrkja sin plass i bygda. Vi set pris på å ha ei lokal kyrkje, der vi kan ha dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. For oss er det viktig å ta vare på kyrkja vår og å bruke ho både til kvardag og fest.



Eldbjørg Aske Myklebust på veg til Ålfotbreen.

Ivar Qvale Hauge, soknerådsleiar i Bremanger sokn, og leiar av kyrkjeleg fellesråd.

Drøfte med biskopen - eg snakka så vidt med prosten om dette på eit møte på Eid. Kyrkja i dei små bygdesamfunna kunne vere eit alternativ til tema. Både positive sider og utfordringar vi møtar.

Elles er det vel aktuelt å ta opp det vi strevar med; rekruttering til sokneråd, vedlikehaldsarbeid, ressursar til barne- og undomsarbeid, og arbeid for dei eldre i kyrkjelyden. Å få til gode system på dette må vere eit viktig mål. Dette blir i den diakonale delen av kyrkja sitt arbeid, og soknerådet sitt arbeid er å legge til rette for dette. Økonomi er også ein del av samtalen med biskopen.

Og vi må ikkje gløyme det positive: Her handlar det om stabilitet, at alle kjenner alle, og at det er omsorg i det. Vi har faste rammer og faste, stabile medarbeidarar, både tilsette og frivillige i Bremanger sokn. Vi har fast tilsett og tilstedeverande prest - noko som dessverre ikkje alle har lenger - ein prest som har greitt å gjere seg positivt kjend i miljøet, både blant unge og eldre.

Vi har ein dyktig organist som stiller opp både på gudstenester og diakonalt - og elles er sentral i det meste av musikklivet i bygda. Vi har ein kyrkjjetenar som tek arbeidet sitt på alvor, og som også er god i møte med og kontakt med sørgjande.

Vi har positive frivillige medarbeidarar både i kyrkja, og i diakonalt arbeid. For meg - som er spesielt glad i og opptatt av liturgi - er det ei fryd å vere til stades på gudstenestene. Samtidig som ein får ei god formidling av den kristne bodskapen.

For meg som bur på Hauge er det også veldig nyttig å ha kort veg til kyrkjekontoret på Hauge, for der får eg god hjelp av kontormedarbeidar og kyrkjevevja.



Ivar Qvale Hauge

Knut Arne Vadøy, soknerådsleiar i Frøya sokn.

Kor mange bispevisitasar har du vore med på?

- Eg meiner det må vere 3 bispevisitasar eg har vore med på. Fram til visitasen i 2010 var visitasane delt, ein for indre Bremanger og ein for ytre. Visitasen i 2010 var for heile kommunen, slik det og vert no til hausten.

Visitasen i 2010 var og i oktober, midt i beste krabbesongen. Så for ein av kveldene, var det avtalt at eg skulle koke krabbe og

servere til biskopen, Halvor Nordhaug. Så heime hos oss satt det 3 kara den kvelden, biskopen, Fridleif prest og eg, og kosa oss med krabbe. Kari var på sjukehus med broten fot.

Knut Arne hugsar ikkje direkte utfordringar som biskopen kom med, men det eg hugsar, er at like etter visitasen starta kampen for å behalde prestestillinga i Davik i indre Bremanger. Det enda med at den vart lagt ned i 2011 og prest og familie flytta til Bergen.

Eit ønske for visitasen er at biskopen evner å inspirere og oppmuntre både sokneråda og kyrkjelydane elles til vidare arbeid for Guds rike. I Frøya har vi mykje å glede oss over, særleg er det mange gode song- og maskinkrefter i kyrkjelyden.



Knut Arne Vadøy, ved sida av kona Kari og sokneprest Dag Leirvik.



Barneket 21.april i Bremanger kyrkje.



Min biletbibel til 3 åringane i Bremanger kyrkje 21.april.



Julekonsert i Davik kyrkje desember 2023 med Bertine Edvardsen og Mari Wiik.



Barneket, musikkverkstaden i Davik, julekonsert desember 2023

Konfirmasjon i Davik kyrkje 11.05.24 frå venstre: Konfirmantlærar Britt Mulelid, Emma Langeland Dombestein, Magnus Edvardsen, Saron Kristoffer Indredavik Karstensen, sokneprest Stein Oltedal.



Konfirmasjon i Midtgulen kyrkje 09.05.24. Frå venstre: konfirmantlærar Britt Mulelid, Lea Theodora Furset Ødegård, Marcus Rene Aasemyr Mulelid, Mathias Eldstad Nordal, Casper Ommedal Leirvik, sokneprest Stein Oltedal og Andreas Hjelte Flagvædt



Konfirmasjon i Bremanger kyrkje 11.mai 2024. frå v.: Tiril Nygård Hauge, Mathea Nesje Ryland, Hanna Kristine Førde Rognes. Bak frå v. Preben Starheim Smedvik (konfirmert i Frøya kyrkje), sokneprest Dag Leirvik, Alexander Førde Hjørnevåg, Andrea Strømmen.





Konfirmasjon i Svelgen kapell 11.mai 2024. Sokneprest Stein Oltedal, Mali Alvilde Myklebust, Bergljot Myrøld Myklebust, Ingeborg Solberg Halse, Hanna Cypriano Eimhjellen, konfirmantlærer Britt Mulelid, Johannes Mathias Grytten Sandvik, Dennis Sagmo, Erlend Sagmo Nigardsøy, Aksel Myklebust, Adrian Gjerde Sætren.



Nytt prosesjonskors til Frøya kyrkje.

Frøya kyrkje har fått eit nytt fint prosesjonskors. Det er laga og er ei gave frå Kari og Knut Arne Vadøy. Soknerådet takkar for gáva, og blomsterhelsing er sendt. Her ser vi det bære inn i Frøya kyrkje av Nicolai Førde Nordal 14.april 2024 ved dåp av hans slektning: Melody Daae Ånnevik. Same dag ble også Odin Langeland Frøyen døypt.



Konfirmasjon i Frøya kyrkje 4.mai 2024. konfirmant Preben Starheim Smedvik og sokneprest Dag Leirvik.

NYE VINDAUGE I BERLE KYRKJE!

Kyrkja i Berle stod ferdig i 1977, og er såleis den nyaste kyrkja vi har i kommunen. Likevel gjer dei vèrharde tilhøva vi har ved kysten sitt til at det var på høg tid med reparasjonar. Noko som kjenneteikner kyrkja i Berle er dei mange høge, smale vindauga. Nettopp desse vindauga har vore dårlege lenge, det har kjeme lekkasjar under og rundt dei, og siste åra har eitt for eitt vindauge blitt spikra igjen. Gleda i Berle var difor stor då det blei bevilga pengar til nye vindauge i kyrkja!

Det er «Tømrarfirma Røys AS» frå Kalvåg som står for arbeidet, og dagleg leiar Ingolf Røys seier dette:

«Det var på tide at dette arbeidet blei gjort no! Sidan vindauga har stått altfor lenge med lekkasjar, har det ført til store følgeskadar inne i kyrkja. Då arbeidet tok til, og vi opna opp veggane, viste det seg at under vindauga var veggane så rotne at vi kunne plukke stenderverket opp med fingrane. Vindauga var montert på innsida av betongveggar, og det var kun fugemasse som fungerte som tetting,- noko som blir dårleg over tid. Der har kjeme vatn inn over lang tid, og isolasjon og

alt inni var søkk vått. Alt dette skal fjernast, og nye svillar, stenderverk og plater skal på plass. I tillegg har vi flytta alle vindauga 2,5 cm lenger ut i veggene for å hindre kuldeforskjell og eventuelle nye lekkasjar. På denne måten vil vatnet fare ut istadenfor ned i veggene.»

Når vi spør kyrkjeverje Bjarki Hrafnsson om ei uttale, svarar han kort og greitt: «Det var på høg tid at det blei gjort noko, faktisk på overtid! Slik som situasjonen har vore, har det vore helseskadeleg med tanke på mugg og sopp. I neste omgang er det betongveggar og tak som må tettast, dette er heilt nausynt for at vatn ikkje skal trenge inn igjen!»

No vert nær alle vindauge i kyrkja skifta ut, det er berre dei som ligg på skrå i mønet i kyrkjerommet som ikkje skal skiftast. Heile 21 nye vindauge skal det bli! Ein stort pluss er òg at desse er meir tidsriktige med tanke på utlufing.

Stor takk til kyrkjeverje og Bremanger kommune som ser verdien av å ta vare på kyrkja vår!

Anne Kristoffersen.



Lokal dugnad med hjelp frå soknerådet i Berle.



Ingolf Røys i gang med å skifte vindauge i Berle kyrkje.

SØREN BORTNESKÅR



Frå Søren si feiring av 95 års dagen med familien på Bremanger hotell 13.10.2022.

Søren gjekk bort 24.01.24. I fleire år har eg fått gå på besøk til Søren, medan han budde på Klockkartunet i Davik og sidan medan han budde på Keipen på Svelgen omsorgssenter. Eg fekk lov å ta eit intervju med han til å ha i kyrkjelydsbladet, men eg måtte love å vente med å sette det inn, til han hadde gått bort. Intervjuet blei laga i 2022.

Søren ville gjerne kome med ei helsing til alle som han har kjendt. Det er uråd å rulle opp i alt det som Søren har vore med på – men no har han fått god tid til å sjå tilbake på livet sitt. Søren vaks opp i Bortneskår, på ein av dei to gardane, som vi ser på andre sida av fjorden frå riksvegen ut frå Bortne.

Det var ikkje lærar å få tak i, og så kom spørsmålet til Søren, rett etter at han var ferdig med realskulen: «Kan du tenkje deg å vere lærar?». Det var røyster som tala imot og sa: «Nei, han er for ung og manglar utdanning.» Medan andre sa: «Han kan då sitt fadervår, då kan han sikkert og undervise, dette går sikkert bra.» Søren har vore lærar i Bremanger i Bortne/Berle/Skatestraumen/Leirgulen og Kolsetvika heile sitt arbeidsliv. Dei siste 20 åra av arbeidslivet var han skulestyrar på Kolset skule.

I skulekrinsane Bortne og Hennøy var det ei tid for få elevvar til å ha eigen skule; det måtte etter skulelova vere minst 10 elevvar. Då kom Søren på at om elevvar i Bortneskår fordelte seg til Hennøy og Bortne, kunne begge skular bli redda. Småskuleelevane for til Bortne, og dei eldre til Hennøy, det var valfritt kor ein ville dra. Søren hadde med seg skuleborn i båtskyssen sin. I Hennøy var det privat innkvartering. Å ta skuleungar med til ei anna bygd for å redde skular, var det greitt, lurde Søren sidan på? Ein av elevane som slik drog til Hennøy, fortel sidan om kor godt han likte seg. Søren slost for småskulane.

Søren var aktiv i arbeidet for kyrkja, i mange år var han ei drivande sjel i sokneråd og fellesråd. Han var leiar for byggekomiteen for uthuset ved Rugsund kyrkje, då det blei bygd.

«Eg har gjort mi plikt her i livet,» fortel Søren. Hovudet hans fungerer no ikkje lenger slik det gjorde, fortel han med sitt lune smil, men samtalen vår gav meg mange flotte og spennande innsyn i gamle tider og skulehistorie.

Stein Oltedal

ELISABETH OG RUNE I BOTNANE

Dei gler seg stort over at dotter deira Bolette kjem flyttande heim til Botnane med familien sin, for med seg har ho Elvine på 2 år og mannen Fredrik Espedal. I kårhuset vil dei bu, og Bolette vil som mor si jobbe som lærar i Svelgen. Og enda meir glede: Dei vil snart bli 4! For Elisabeth Ruud Nordbotten og Rune Nordbotten vil det bli eit nytt kapittel i garden si historie, når dei igjen vil vere fleire generasjonar i Oppigarden i Botnane. Det var i fjor sommar dei unge delte avgjerda om å flytte heim. – Ei bombe, seier Elisabeth om den meldinga. – Veldig kjekt, eg kan ikkje ta for sterkt i, legg Rune til.

Rune var ganske ung då han bestemte seg for å ta over garden. Han var nær 15 år då eldste broren Atle landa på at han ikkje ville bli bonde. Han fortel at etter ungdomsskulen gjekk han på Mo landbruksskule. Så følgde sivilteneste, Bildøy bibelskole, jobbing i Indrehus og i Florø, og Rune overtok garden i 1990. Då hadde han allereie gjennom fleire somrar tatt del i slåttan og anna arbeid i sommarhalvåret. Foreldra Kari og Johannes trengde hjelp på garden. Rune fortel om då dei fekk forhaustar i 1979. Far hans trudde ikkje heilt det ville gå bra, det var jo så mykje stein på marka! Grasfor fekk dei hausta, så det gjekk bra, men året etter vart det Rune sin jobb å styre med forhaustaren. Han fortel vidare om at det i åra 88-90 var ein periode med mykje bygging på garden, nytt fjøs og 2 store siloar og anna vart bygd.

Litt gardshistorie: Rune sin oldefar Ole Corneliuss Gregoriussen kom frå Bremnes på Novelandet og kjøpte garden rundt 1840, og då han kom til Botnane tok han navnet på staden – Nordbotten.

I 1996 gifta Elisabeth og Rune seg. Ho kjem frå Aurskog, og det var ein stor overgang å komme frå Austlandet til Botnane. Den største forskjellen for meg seier Elisabeth, var avstandane – 4,5 mil til



Elisabeth og Rune Nordbotten framfor fjøset i Oppigarden. Rune held fram som melkebonde, han fylte 60 i fjor og har ikkje tenkt å bli pensjonist enda. Det same for Elisabeth, ho vil vere lærar nokre år til, og gler seg til å vere bestemor på garden.

næraste butikk! Noko av det fyrste dei gjorde var å restaurere gamlehuset, det som vart bygd nær 1910. Rune hadde allereie gjort mykje, og foreldra hans hadde fått bygd kårhus nede ved vegen. Dei unge fikk 3 jenter: Bolette, Birthe og Karen. Dei valde å ha jentene i barnehage i Svelgen, og Elisabeth starta å jobbe på barneskulen der i 2000. Då jentene kom i skulealder fekk dei over nokre år vere elevar på Årebrot skule, og sidan gjekk dei på skule i Florø.

For Elisabeth har det vore jobbpendling mellom Botnane og Svelgen. Ho seier det har gått greit, det har blitt en livsstil. – Eg høyrer på radio eller lydbok. For både Rune og Elisabeth har det blitt mange turar til Florø, eller til Villevika for å hente og bringe døtrene til idrett og kulturskule. Florø blei enklaste, og Villevika blei eit viktig buss og båtstopp for oss, seier dei. Elisabeth kom tidleg med i soknerådet i Midtgulen, frå 97 og i fleire periodar har ho vore med der, både som skrivar og i frivillig teneste som kyrkjevert og tekstlesar.

Kvifor har de orka å ta den relativ lange turen til kyrka? Dei svarer ilag. Det har betydd noko for oss å delta i kyrkjelyden. Elisabeth trekkjer også fram barndom og oppvekst med bedehus og kyrkje. Musikken og salmane, tekstane har vore viktig for meg, like mykje som preika. Då Elisabeth var ungdom drog ho av og til inn til Oslo domkirke og fekk med seg konsertar. Ho kjem frå ein musikkfamilie, med blant anna onkelen Anfinn Øien som var professor og rektor på musikkhøyskolen. Han har fleire melodiar i salmeboka.

Rune mimrar og nemnar at Botnane tidlegare høyrde til Frøya sokn, og han var med i Frøya sokneråd først på 90 talet. Det var i 1996 at Botnane blei en del av Midtgulen sokn. Den tida var det regelmessig gudsteneste i Botnane. Frøya prestane kom med båt båtskyss et par gongar i året, og så husker vi Tore Myklebust som kom ca. 5 gongar per år og hadde gudsteneste i grendahuset, den tidlegare skulen.

Håper de at Bolette og Fredrik tek over garden? Ho er jo odelsjenta så ho får velge først, seier Rune. Elisabeth og Rune tvilar på at det blir melkeproduksjon for dei unge, og til flyttande Fredrik har jo også si utdanning innafor data. Så det er ikkje sikkert det blir dyrehold for neste generasjon. For Rune er det viktig å poengtere at vi tar det som det kjem, her er det inga plikt. Det må være av eigen fri vilje. Eg kjem jo også til å halde fram ei stund til som bonde, og Elisabeth til føyer at ho også vil være lærar nokre år til. Dei driv også med turisme, og fekk bygd ei utleigehytte og denne sesongen er det fullt frå mai – september. Utleige skjer i lag med eit tysk selskap frå Berlin. Prosjekt er det heile tida, sist, ei forbetra båthamn. Botnane veks, ein ny barnefamilie på 3 som snart blir 4!



Elisabeth og Rune i dette ekstraordinære ventehuset, for ein kan knapt kalle det busskur. Om nokre år vert det fornya bruk når barnebarna veks til.

STØTT KYRKJEBLADET

Det viser seg at kyrkjebladet har svak økonomi. Underskotet for 2023 var på 25 535 kr. Inntektene fra kyrkjelydane, kyrkjeoffer og gaver fra sokneråda var samla på 17 212 kr. Men støtta frå private må opp, kun 10 023 kr. fordelt på 30 innbetalingar er ikkje bra nok. Dog vi veit at mange nyttar høvet til å støtte kyrkjebladet når det er takkoffer i kyrkja til bladet.

Støtt kyrkjebladet – enten ved Vipps 696974

Eller giro kontonr: 3776.20.58139



*Dag Leirvik og kasserar Asbjørn Førde
håpar på betre økonomi for kyrkjebladet.*



Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974



FRILUFTSGUDSTENESTER 2024



- | | | |
|---|--------------------|---|
| 1 | 9. juni kl. 11.00 | Grotle gamle gravplass |
| 2 | 16. juni kl. 11.00 | Berle, v kaia |
| 3 | 16. juni kl. 10.00 | Skulen i Ålfoten. Tur til Gullsmedhytta, påmelding Turlaget, sjå lokal info |
| 4 | 30. juni kl. 11.00 | Smørhamn gamle handelsstad |
| 5 | 30. juni kl. 13.00 | Hunskår v kapellet |
| 6 | 14. juli kl. 11.00 | Botnane gamleskulen |
| 7 | 28. juli kl. 11.00 | Davik, Draumeplassen |
| 8 | 18. juli kl. 14.00 | Nesbø v gamleskulen |



Støtt kyrkjebladet!
Vipps 696974





VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE

16.06.24	11.00	FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ KAIA
11.08.24	14.00	GUDSTENESTE
29.09.24	14.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE. BARNEKORET DELTEK
01.12.24	14.00	GUDSTENESTE
24.12.24	13.00	JULAFTAGUDSTENESTE

BREMANGER KYRKJE:

09.06.24	11.00	FRILUFTSGUDSTENESTE GROTTLE GAMLE GRAVPLASS
21.07.24	11.00	GUDSTENESTE V/OLE DAGFINN ØSTHUS
11.08.24	11.00	GUDSTENESTE
08.09.24	11.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON
29.09.24	11.00	GUDSTENESTE
13.10.24	11.00	GUDSTENESTE
27.10.24	11.00	VISITASGUDSTENESTE. BISPEVISITAS
17.11.24	11.00	GUDSTENESTE
08.12.24	18.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTANE

FRØYA KYRKJE:

02.06.24	13.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL OG 4-ÅRSBOK
30.06.24	11.00	FRILUFTSGUDSTENESTE SMØRHAMN HANDELSSTAD
04.08.24	11.00	GUDSTENESTE V/OLE DAGFINN ØSTHUS
25.08.24	11.00	GUDSTENESTE
15.09.24	11.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON
06.10.24	11.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE M/TORS DAGSKLUBBEN
13.10.24	18.30	SONG- OG MUSIKK KVELD V BISPEVISITASEN
03.11.24	11.00	HELGEMESSE. KAMMERKORET DELTEK
01.12.24	11.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTANE

DAVIK KYRKJE:

23.06.24	11.00	GUDSTENESTE V/KARI L. BALOG
28.07.24	11.00	FRILUFTSGUDSTENESTE DRAUMEPLASSEN V/OLE DAGFINN ØSTHUS
18.08.24	11.00	GUDSTENESTE
08.09.24	14.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON
29.09.24	11.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE. UTDELING AV 4-ÅRSBOK OG 1-3 KL. BOK
13.10.24	14.00	GUDSTENESTE
24.10.24	18.00	GUDSTENESTE. BISPEVISITAS
03.11.24	14.00	HELGEMESSE
24.11.24	20.00	GUDSTENESTE
15.12.24	16.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTANE

MIDTGULEN KYRKJE:

14.07.24	11.00	GUDSTENESTE I BOTNANE V/BRITT MULELID
15.09.24	14.00	GUDSTENESTE
03.11.24	17.00	HELGEMESSE
26.12.24	12.00	GUDSTENESTE

RUGSUND KYRKJE

30.06.24	13.00	GUDSTENESTE I HUNSKÅR V DAG LEIRVIK
15.09.24	11.00	GUDSTENESTE. 1-3 KL.-BOK KONFIRMANTPRESENTASJON
13.10.24	11.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE
24.11.24	14.00	GUDSTENESTE

SVELGEN KAPELL

23.06.24	14.00	GUDSTENESTE V/KARI L BALOG
18.08.24	14.00	FRILUFTSGUDSTENESTE NESBØ
01.09.24	13.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 6-ÅRSBOK
08.09.24	11.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON
29.09.24	14.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE. UTDELING AV 4-ÅRSBOK
23.10.24	19.30	GUDSTENESTE. BISPEVISITAS
10.11.24	11.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 5 ÅRSBOK
01.12.24	18.00	LYSMESSE MED KONFIRMANTANE

ÅLFOTEN KYRKJE:

16.06.24	10.00	FRÅ SKULEN. TUR TIL GULLSMEDHYTTA. PÅMELDING TIL TURLAGET, SJÅ LOKAL INFO.
01.09.24	11.00	GUDSTENESTE. PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE.
13.10.24	14.00	HAUSTTAKKEGUDSTENESTE. 4-ÅRSBOK. 1-3 KL. BOK
25.10.24	10.30	SKULEGUDSTENESTE V BISPEVISITASEN
15.12.24	11.00	GUDSTENESTE M/ÅLFOTEN SKULE



BREMANGER SOKN:

25.12.23 Alfred Olav Midtbø (Nesodden)
29.03.24 Isak Torvanger

DAVIK SOKN:

31.03.24 Selma Bonsaksen Dombestein (Voss)

FRØYA SOKN:

10.12.23 Frøya Bakke Sundsøy
07.01.24 Danielle Vega Førde
31.03.24 William Wang Gulestøl
14.04.24 Odin Langeland Frøyen
14.04.24 Melody Daae Ånnevik (Sarpsborg)

MIDTGULEN SOKN:

19.11.23 Fredrik Leknesund Solheim
28.01.24 Ailo Gulhaugen Skaanevik
28.01.24 Mathias Haugland
28.04.24 Ivan Marchewa

RUGSUND SOKN:

05.11.23 Olav Magnussen Eikeland (Drøbak)

ÅLFOTEN SOKN:

18.11.23 Henrik Elde Salveson (Nordfjordeid)

Gravlagde



BREMANGER SOKN:

06.12.23 Reidar Johan Ryland f. 1929
08.12.23 Ingrid Kirsten Hauge f. 1939
19.12.23 Jan Egil Ryland f. 1970
23.12.23 Kåre Varpe f. 1951
Bisatt i Thailand. Urne nedsettast i Bremanger
29.12.23 Kamilla Svarstad f. 1921
19.01.24 Emma Alma Terdal f. 1938
27.03.24 Odd Grotle f. 1939
05.04.24 Einar Ragnar Kjerpeset f. 1941
03.05.24 Elin Johanne Hauge f. 1958
10.05.24 Agnar Helge Frøyen f. 1958
16.05.24 Per Asbjørn Igland f. 1951

DAVIK SOKN:

23.11.23 Randi Drageset f. 1950

FRØYA SOKN:

01.12.23 Vidar Magne Larsen f. 1950
05.12.23 Henning Nødset f. 1955
28.12.23 Kåre Steinar Frøyen f. 1935
03.01.24 Ragnar Larsen f. 1937
16.01.24 Jens-Edvin Hauge f. 1971
10.05.24 Bjørg Sundsøy (urne) f. 1935

ÅLFOTEN SOKN:

18.12.23 Åse Magnhild Verlo f. 1949
13.02.24 Odd Hansen f. 1952
14.05.24 Solveig Karin Hagebråten f. 1945

RUGSUND SOKN:

10.01.24 Magne Stømme f. 1943
02.02.24 Søren Bortneskår f. 1927

BERLE SOKN:

15.05.24 Arnolf Kitten Ytre Hauge f. 1933

MIDTGULEN SOKN:

23.01.24 Eva Kirsti Gjerde Kjøsnes f. 1951
01.02.24 Roald Per Vedvik f. 1954
09.02.24 Anne Karin Lefdal Eidsvik f. 1944
16.02.24 Jon Per Eikeset f. 1948
08.03.24 Roald Sigmund Liseth f. 1936
15.03.24 Vebjørn Målfrid Eikeset (urne) f. 1933
07.05.24 Margrethe Standal f. 1970

NY BENK UTE VED SVELGEN KAPELL



Gry Gulestøl takkar rørlegger Nigardsøy for sponning av benk ved Svelgen kapell. Bjørgulf Myklebust og Terje Igland monterte den. Det har blitt ein fin kvileplass med utsikt.

Namn · tid · stad

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjevevje Bjarki Asgeir Hrafnsson – tlf. 917 06 595

bjarki.hrafnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen måndag, tysdag og torsdag, og på kyrkjekontoret på Hauge onsdag og fredag.

Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Indre Bremanger – tlf. 970 08 600
stein.oltedal@bremanger.kommune.no

Britt D. Mulelid, saksbehandlar/trusopplæring – tlf. 916 39 340
britt.mulelid@bremanger.kommune.no

BREMANGER KYRKJEKONTOR, HAUGE Grotleveggen 141

Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150
dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Marit Steinset, kontormedarbeidar, tlf. 908 05 835, marit.steinset2@bremanger.kommune.no
Jarle Grotle, kontor. Tlf 9173 1723. jarle.grotle@bremanger.kommune.no

Ho har kontordag onsdag morgon og full dag fredagar. Dersom du ynskjer ein samtale med presten utan å bli uroa av andre, så ring og avtal på førehand.

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Kasserar: Asbjørn Førde, 6727 Bremanger. Ansvarleg redaktør: Dag Leirvik

Redaksjonsmedarbeidarar: Marit Steinset og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.


Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gåver.

Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: E.Natvik, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





ENDELEG BETRE PARKERING VED SVELGEN KAPELL



Mange takk til kommunen som ordna ny parkeringsplass, med hjelp av Kværnevik. Plassen har også fått belysning.

Returadresse: Svelgen Kyrkjelydskontor, Rådhuset, 6723 Svelgen

Oppseiingar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no